

## FØRESEGNER

Plannamn: Detaljregulering for FV. 121 Baldersheim

Gnr./Bnr.: 107/1 mfl.

Plan-ID: 1241201803

Dato: 22.05.2019

Føresegnene er utarbeida i samsvar med plan- og bygningslova §12, og er saman med plankartet juridisk bindande for framtidig arealbruk . Reguleringsplanen omfattar areal som vist på plankart i målestokk 1 : 2000 datert 29.10.2018.

### 1. FELLESFØRESEGNER

#### 1.1. Byggjegrænse (§ 12-7 nr 2)

- 1.1.1. Byggjegrænser gjeld ikkje for planeringstiltak, markterasse og støttemur inntil 1 meter høgde over terreng
- 1.1.2. Med unntak av terrengendring inn til 0,5 meter høgde kan det ikkje etablerast tiltak nærare privat felles vegføremål enn 1 meter.
- 1.1.3. Alle tiltak innanfor 20 meter byggjegrænse frå senterlinje i Fylkesveg 121 skal avklarast med Statens vegvesen.

#### 1.2. Handsaming av massar( § 12-7 nr 4)

- 1.2.1. Ved større tiltak kan kommunen krevje at det utarbeidast plan for handsaming av massar i planområdet. Planen skal vise både disponering av stadeigne massar, deponering av overskotsmasses, gjenbruk av eventuell matjord og trong for til køyrde massar. Planen skal liggje ved søknad om løyve til tiltak.

#### 1.3. Utfyllande planer

- 1.3.1. Før igangsetjingsløyve vert gitt for nytt fortau langs Fylkesveg 121, kollektivhaldeplass og utbetring av avkøyringar til Fylkesveg 121 skal tekniske planar vera godkjent av Statens Vegvesen.

### 2. BYGNINGAR OG ANLEGG (pbl § 12-5 nr 1)

#### 2.1. Bustader

- 2.1.1. Arealformål BFS1 og BFS2 er areal for frittliggande småhus med tilhøyrande anlegg og garasjar.
- 2.1.2. Maks arealutnytting er %BYA = 30% for BFS1 og %BYA = 10% for BFS2
- 2.1.3. Maks mønehøgda kote +14m for BFS1 og kote +12m
- 2.1.4. Byggjegrænse mot sjø og veg er vist i plankart.
- 2.1.5. På område BFS2 kan det førast opp ein ekstra bustad. Ny bustad på BFS2 kan ha inntil 150 kvadratmeter grunnflate og skal ha same møneretning som eksisterande bustad

#### 2.2 Naust

- 2.2.1. Arealformål BUN 1 ,2, er naust.
- 2.2.2. Byggjegrænse er i formålsgrænse.
- 2.2.3. Mønehøgda skal vere maksimalt 5 meter målt frå planert terreng.
- 2.2.4. Tillat utnytting er %BYA = 100%.

- 2.2.5 Ved restaurering av naust skal kommuneplanen retningslinjer for naust leggast til grunn.

### **3. SAMFERDSEL OG TEKNISK INFRASTRUKTUR (PBL §12-5 NR 2)**

#### **3.1. Veg**

- 3.1.1 Offentleg køyreveg o\_SVK1 gjeld Fylkesveg 121 og er regulert etter eksisterande vegkant. Mindre avvik kan førekomme.
- 3.1.2 Offentleg veg o\_SV1 gjeld kommunal veg til gravplass og er regulert med 5 meter vegbreidde. Mindre avvik frå formålsgrense kan tillatast.
- 3.1.3 Offentleg veg o\_SV2 gjeld kommunal veg til Revne og er regulert med vegbreidde 5m.
- 3.1.4 Offentleg køyreveg o\_SKV2 gjeld kommunal veg mot Baldersheim skule og tilkomstveg til båthamn, og er regulert med 5 meter vegbreidde.
- 3.1.5 Veg SV5,SV6 og SV7 er private tilkomstvegar. SV7 er også tilkomst til landbruksareal og naust på landbruksareal.
- 3.1.6 Veg o\_SV9 er kommunal veg til Kleppe.
- 3.1.7 Avkøyrsl er vist på plankartet. Det er tillate med noko justering av plasseringa. Avkøyrsl mot kommunal veg skal ha siktssone 3 x 30 meter dersom ikkje anna står på plankartet.
- 3.1.8 I anleggsfasen er det er tillate med mindre inngrep i sideområder langs nytt fortau/busslomme. Berørte areal skal setjast tilbake i same stand som før inngrep.

#### **3.2 Fortau**

- 3.1.5 Arealformål o\_SF er offentlege fortau.
- 3.1.6 Fortau regulert med 3 meter breidde.

#### **3.3 Anna veggrunn – teknisk anlegg**

- 3.4.1 Arealformål SVT er anna veggrunn – teknisk anlegg.
- 3.4.2 Området o\_SVT skal avgrensast med kantstein for å hindre uønska bruk av o\_SKH1 som innkøyring til o\_SKV2.
- 3.4.3 Langs o\_SKV2 kan det på område o\_SVG16 leggast til rette for langsgåande parkering.

#### **3.4 Anna veggrunn – grøntareal**

- 3.5.1 Arealformål SVG anna veggrunn – grøntareal, er område for fyllingar, skjeringar, murar, veglys og planting langs køyreveg.
- 3.5.2 Anna veggrunn – grøntareal skal plantast til med stadeigen vegetasjon.
- 3.5.3 Byggegrense for tiltak som murer og fyllingar er i formålsgrensa.

#### **3.6 Kollektivhaldeplass**

- 3.6.1 Arealformål SKH er kollektivhaldeplass for buss.
- 3.6.2 Område o\_SKH2 er areal for leskur.

### **4. LANDBRUK NATUR OG FRILUFTSOMRÅDE (PBL § 12-5 nr. 5)**

#### **4.1 Landbruksområde**

- 4.1.1 Arealformål LL gjeld landbruk.

## **4.2 Friluftsmål**

- 4.2.1 Arealformål LF er friluftsliv.
- 4.2.2 Områda er open for allmenn bruk og Friluftsløva §§ 2, 3, 4 og 7 gjeld.
- 4.2.3 Enkel tilrettelegging og mindre terrengearbeid for etablering av sti til strandsoner kan tillatast. Stiar skal terrengtilpassast og opparbeidast utan boring og sprenging.
- 4.2.4 Naudsynt ferdsel for uttak av sand og mudring av utløp frå elv er tillat.

## **5. BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG (pbl § 12-5, nr. 6)**

### **5.1 Friluftsområde i sjø og vassdrag**

- 5.1.1 Arealformåla VFS1 er friluftsområde.
- 5.1.2 For områda gjelder friluftsløva §§ 3, 5, og 7.
- 5.1.3 Området skal være ope for ålmenta.

## **6. OMSYNSSONER (PBL §§ 12-6, 12-7 og 11-8)**

### **5.1 Sikringssone – Frisiktssone veg**

- 6.1.1 I området for frisiktssone veg (H140) skal det vere fri sikt i ei høgde av 0,5 meter over tilgrensande veg sitt plan. Ved endring av vegstatus til forkøyrsvveg på FV121 kan frisiktlinjer og soner endrast administrativt.

## **7. FARESONER (PBL § 12-6. JF 11-8)**

### **7.1. Høgspenningsanlegg (inkl. høgspenkabel)**

- 7.1.1 Faresone H370\_1 gjeld eksisterande luftspenn - høgspenk.

Eikelandsosen 22.05.2019  
Fusa kommune